

Puss av rifleløp

Løspuss er viktigast som riflevedlikehold, og kanskje og det mest forsømte...

Det er heilt nødvendig å pusse for å bevare eit godt løp. Ikkje alle rifleløp gjev topp presisjon, men har ein ei rifle med godt løp vil vel alle bevare presisjonen så lenge som råd er. Men korleis skal løpet pussast? Først og viktigast av alt: Puss rifleløpet så fort som mogeleg etter skyting. Ikkje utsett pussen til neste dag. Det viktige er å pusse ut krutslammet før det fester seg inne i løpet.

Normalt er det forbrenningsrestar frå krutet som gjev presisjonsproblem, ikkje mantelbelegg. Beste måten å pusse ut krutrestar er med messingbørste og olje. Bruk børste som passar til kaliberet. Det betyr at børsten skal ha same diameter som løpet, eller kanskje litt større. Eg brukar helst 7mm/270 børste til å pusse 6,5 mm løp. Har børsten for liten diameter eller er for sliten gjev den ikkje god puss. Set inn børsten med passe olje for puss. Oljen bør vere ein eller annan god løpsolje, ikkje solvent eller sterkare stoff. Etter skrubbing med børsten er det tid for god reingjering av løp med pussefille eller pussepapir vikla rundt ein børste med liten diameter. Puss til filla kjem ut rein og set løpet lett inn med tynn olje. Som normalt skal fjernast før skyting.

Kvifor er det så viktig å fjerne belegget etter krutforbrenninga? Av den enkle grunn at krutslammet vert hardare til lengre det får vere i fred, og at det legg seg mest krutbelegg nærast kammeret. Etter ein del skyting kan dette belegget gjere løpet trongare, og eit løp med minst diameter i starten, og større diameter lengre ute er ikkje bra. Krutbelegget vil og rivast ut med kula i større

For puss på jakt er pussesett som dette frå Kleenbore kjøkt å ha!



Fjerning av kruttslam før det blir fast er det mest viktige for å bevare presisjonen, og puss med messingbørste i passe størrelse og god olje er best.



Puss med messingbørste og olje, dei svarte prikkane kjem frå puss etter 50 skot 6,5x55.



Heil pussestokk av stål er godt egna til skikkelig løpsreingjering. Her pussestokk frå Kleenbore.



Etter grundig løpspuss med messingbørste og olje bør løpet pussast reint. Godt pussepapir på liten børste gjer god jobb.

eller mindre grad, og i godt bruka løp med herdesprekkar kan og små bitar av stålet fylje med. Heller ikkje presisjonsfremmande, og ein effektiv måte å minske løpslevetida på.

Faktisk er det så at dårleg puss og mykje krutbelegg kan gje trykkauke etter kvart som løpsdiameteren minnar. Og fenomenet aukar med større krutmengde og mindre kaliber. Trykktesting med småkalibra magnumpatroner som 7mm Rem Mag og liknande syner at trykket kan auke med skotmengda.

Løp som av diverse grunnar er forsomt med puss og stell treng grundig reingjering. Det beste eg har



prøva for grundig puss er stoff som Remington Bore Cleaner eller Gold Medallion. Pussemiddel oppløyst i olje. Best er pusselapp a la militærtype og godt med Bore Cleaner på lapp som fyller godt i løpet. Faktisk kan ein kjenne at pussten går lettare etter kvart, at løpet vert glattare for kvart tak med pussestokken.

Og pussestokk – eg likar best å pusse med heil stokk av stål, ikkje dela og utan plastbelegg. Best av dei eg har prøva til no er Kleenbore som kjem i fleire lengder. Kor mange pussetak skal løpet ha? Ein gamal regel er at ein skal pusse like mange gonger gjennom løpet som skot ein har skote! Kanskje å

overdrive, men det er betre å ta nokre tak for mykje enn for lite. Normalt kan ein faktisk kjenn at pussinga går glattare etter kvart.

Sterke pussemiddel som Sweets, Robla Solo og diverse andre "Copper Remover" med masse ammoniakk har eg stort sett slutta å bruke. Eg har øydelagt eitt løp med den slags med grundig puss utan olje etterpå. Med rust som resultat. Desse sterke pussemidla tar mantelbelegg, men er dårlege på kruttslam som er viktigast å få ut. Og sterk solvent i løp med herdesprekkar framfor kammeret kan setje fart i sprekinga. Eller løpsslitasjen om du vil.

Kenneth Skoglund har sett innsida på fleire løp enn dei fleste, og mange er utsett for manglande puss og stell.



Forsomt rifleløp har godt av grundig puss med Remington Bore Cleaner på pussefille.